




Samordningsmøte nr. 1 i samband med ekstremvêret


Amy 3. oktober 2025

Deltakarar: Meteorologisk institutt (MET), Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE), KDSane, NKOM, DSB Nødnett, vegeigarar, naudetataane, kommunane og andre beredskapsaktørar i Vestland.

Orientering om venta vær og farevarsel v/ MET

- MET har sendt ut oransje farevarsel for vindkast knytt til ekstremvêret Amy. Les meir om varselet her: [Varsel fra Meteorologisk Institutt for Rogaland og deler av Sør-Vestland | Varsom.no](#). Vind kjem frå sør-austleg retning. Vinden avtek utover laurdag morgen.
- Dei har auka verdiane til 27-35 m/s. Lokalt kan vindkasta kome heilt opp i ekstreme verdiar. Windstyrken er venta å verte sterkast i fjellet og lågare i kystområda.
- Den sterkaste vinden er venta i kveld og natt (toppen rundt kl. 03.00-04.00).
- Det er òg kome gult farevarsel for vasstand. Les meir her: [Varsel fra Meteorologisk Institutt for Kyst- og fjordstrøk i Hordaland | Varsom.no](#).
- Meteorologisk institutt vurderer at det ikkje er stor fare for stormflod, fordi det er venta at vasstanden ikkje vil vere på høgste nivå på same tid som vinden er på sitt sterkaste.





Skjerdumpar frå prognosane til MET (vindkast og returverdiar for vindkast)

Orientering frå NVE

- NVE har situasjonen under oppsyn og vurderer at det ikke er spesiell fare for flaum eller skred. NVE har litt ekstra merksemd med områda rundt Hardangerjøkulen og Odda.

Orientering om status frå andre sentrale aktørar

KDS Hordaland:

- Det er sett beredskap i nokre nettselskap. Vurderingane vert gjort ut frå vindretning og erfaringar.
- Mange har forsterka mannskapet, plassert ut materiell og er budd på vegstengingar og stengde bruer.
- KDS vert orientert viss nettselskap går i raud beredskap.

KDS Sogn og Fjordane:

- Har gjennomført utsjekk med nettselskapa. Nokre nettselskap har sett inn ekstra bemanning.
- Dei sjekkar at bilar og utstyr er klart, at det er tilgjengelege mannskap for skogrydding, og at nettet er stabilt.
- Usikkert kor omfattande hendinga vert knytt til straumbrot. Dei er mest merksemd på indre strok. Vurderer vindretninga som «uvanleg».
- Kan vere større fare for nedfall av tre grunna mengde lauv som er att.

**Statens vegvesen (SVV)**

- Ferjeavgangar kan verte kansellerte. E39 Mortavika-Arvågen er særleg utsett, men det kan også gjelde andre ferjeavgangar.
- Entreprenørane følgjer situasjonen, har gjort førebuande jobb og er klare til å rykkje ut.
- Lause gjenstandar kan skape faresituasjonar og forstyrre trafikken.
- Fleire bruer som kan bli stengde. Nokre bruer stengjer automatisk ved høg vindstyrke. På riksvegnettet er særleg Hardanger-, Sotra-, og Måløybrua utsett.
- Det kan førekommere snø og slapseføre på fjellovergangane. Slikt føre er utfordrande for dei som ikkje har bytt til vinterdekk.
- Ser ikkje behov for preventiv stenging av vegar per no.

Fylkeskommunen (veg)

- Har hatt statusmøte og vurderer fortløpende etablering av beredskapstab.
- Vegtrafikksentralen har gjennomført statusmøte i dag.
- Byggherre har dialog med driftsentreprenørane. Dei sikrar at entreprenør er kjende med meldingane som er sendt ut. Arbeidsvarslingsskilt vert sikra.
- Arbeid på Tofterøybrua og kabelarbeid på Askøybrua vert stansa. Nattestenging av Askøybrua vert gjort i tråd med planen.
- Bruer kan bli stengt på grunn av vind på fylkesvegnettet og. Rugsundbrua, Bømlabrua er særleg utsette.
- Vurderer nattestenging og preventiv stenging. Per no er det ikkje planlagt preventiv stenging.
- Kan bli hendingar som fører til uføresett stenging av veg.

Både SVV og fylkeskommunen oppmodar alle om å følgje med på VTS si nettside for oppdatert informasjon om stengde vegar: [Søk i kart | Vegvesen trafikk](#)

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)

- Dialog mellom vegeigarar, kraftselskap og ekomtilbydarar er viktig.
- Er difor interessert i informasjon om vegar er stengt preventivt eller fysisk, og stiller spørsmål om kontaktlinjer mellom ekomtilbydarar og vegtrafikksentralen.
- Dialog kan skje via Statsforvaltaren eller andre aktørar om det er behov for direktedialog.
- Minner om at det frå dei fleste mobiltelefonar er mogleg å ringe via trådlauast breiband (WIFI tale)
- Oppmodar om å lade opp elektronisk utstyr.
- Minner om at fleire kommunar har forsterka EKOM.

**Politi (Vest politidistrikt)**

- Politiet har ikkje noko spesielt å melde. Dei er i normal drift, men vurdere oppbemanning på operasjonssentralen. Dei har dialog andre naudsentralar og andre ressursar.

AMK Helse Bergen

- Dei har gjort naudsynte tiltak, som lading av elektronisk utstyr.

Redningssekskapet

- Har båtar disponibelt til å frakte personell ved behov.
- Operasjonssentralen (Politiet) kan kontaktast for dialog med redningsskøyte.

Kommunikasjon

- Vi oppmodar media om gjerne å formidle vidare ei oppmoding til publikum, om sikre lause gjenstandar. Gjenstandar som vert tatt av vinden kan skade folk, men og vere til fare for trafikantar.
- Viktige informasjon finnast m.a. på www.varsom.no og www.vegvesen.no.

Oppdatert informasjon fra Statens vegvesen etter møtet:

Vegvesen.no/trafikk vil være et nyttig verktøy for både trafikanter og myndigheter i denne situasjonen. Nedenfor følger lenker til vegvesen.no/trafikk for aktuelle geografiske områder, med filtrering på følgende:

Farevarsler og hindringer (uplanlagte hendelser), Trafikk meldinger som gjelder nå, Trafikk meldinger avsluttet siste 6 timer, Trafikk påvirkning (alle nivåer, kan filtreres)

- Rogaland: [Vegvesen trafikk | Trafikk meldinger, webkamera og ruteplanlegger](http://Vegvesen%20trafikk%20%7C%20Trafikk%20meldinger,%20webkamera%20og%20ruteplanlegger)
- Vestland: [Vegvesen trafikk | Trafikk meldinger, webkamera og ruteplanlegger](http://Vegvesen%20trafikk%20%7C%20Trafikk%20meldinger,%20webkamera%20og%20ruteplanlegger)

Avslutning

DSB har iverksett rapportering på samhandlingskanal som Statsforvaltaren skal rapportere på. Vi ber om at aktørane melder frå til oss om viss det oppstår situasjoner, eller om det vert sett i verk spesielle tiltak. Rapportane kan delast med oss i RAYVN.

Det vert ikkje lagt opp til nytt samordningsmøte per no, men det er låg terskel for å be oss om møte ved behov.